



Vestnes
kommune



ÅRSPLAN FOR TOMREFJORD SFO

2023-2025

Visjon:

**«Alle skal trivast og lære mykje
på Tomrefjord skule»**



STYRANDE LOVVERK:

Opplæringslova:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/%C2%A713-7>

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning (SFO) før og etter skuletid for 1. – 4. årstrinn, og for barn med særskilte behov 1. – 7. årstrinn. Skulefritidsordninga skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesse hos barna.

Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal gjevast gode utviklingskår. Areala, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.

Kapittel 9A Elevane sitt skolemiljø:

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_11#KAPITTEL_11

Opplæringslova kapittel 9A regulerar eleven sin rett til eit trygt og godt skolemiljø, som fremjar helse, trivsel og læring. Reglar om eleven sitt skolemiljø gjeld også for skulefritidsordninga.

Regelverk for skulefritidsordninga:

<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Leksehjelp/Regelverk-for-skolefritidsordningen-SFO/>

§ 13-7 i Opplæringslova seier noko om kommunen sine plikter i fht tilbod om skulefritidsordning og kva som skal vere med i kommunen sine vedtekter vedr skulefritidsordninga.

Rammeplan for SFO:

<https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan>

Rammeplanen presiserar regelverket og kva som er verdigrunnlaget for SFO, og den beskriv innhald og arbeidsmåtar i SFO.

Vedtekter Vestnes kommune: Vedtekter for dei kommunale skulefritidsordningane:

<https://www.vestnes.kommune.no/tenester/skule-og-utdanning/skulefritidsordning-sfo/soknad-om-sfo-plass-endring-og-oppseiling/vedtekter-for-sfo/>

Alle kommunar skal ha eigne vedtekter fastsett lokalt. Desse vedtektaene skal som eit minimum innehalde eigarforhold, opptaksmynne, opptakskriteriar, opptaksperiode, oppseiing av plass , foreldrebetaling, leike- og oppholdsareal, dagleg opphaldstid, åpningstider og bemanning og leiing.

TOMREFJORD SFO

Skulefritidsordninga (SFO) er ein viktig del av barna sin skulekvardag. Mange barn startar og avsluttar dagen hos oss. Vi legg vekt på at det skal vere ein roleg start på dagen, og legg opp til rolege aktivitetar, som t.d teikning, veking, spele spel, før skulestart.

Basen til SFO er i 1.etasje på små-steg-fløya, i same etasje som 1.klasse har klasserom. SFO-basen består av eit stort hovudrom og stort kjøkken. I tillegg disponerer vi klasseromma til 1.klasse. Vi kan også disponere Oasen-, og andre rom på skulen om dei er ledige.

SFO er ein unik arena for å gi barn med ulik alder og ulike føresetnader moglegheit til å gjere ting saman. Barna skal få oppleve meistring i eit miljø prega av omsorg og tryggleik. Så langt som råd tek vi utgangspunkt i barna sine ynskjer, men styrer aktivitetane ved behov. SFO kan vere ein god arena for inkludering og samarbeid mellom alle barn. I oppstarten brukar vi mykje tid på å bli kjent, bygge relasjonar og lære rutinar og reglar.

SFO er ein del av skulen si totale verksemd, men også ein stor del av barna si fritid. Den frie leiken vert difor vektlagt, og det blir tilrettelagt for at barna skal kunne utfalde seg etter eigne ynskjer innanfor trygge rammer og med rettleining av ein voksen dersom det trengst. Gjennom leik får barna vere saman og dei får utvikle seg sosialt både i store og små grupper, på tvers av kjønn, alder og interesser. SFO følgjer same ordensreglane som ellers gjeld ved Tomrefjord skule, noko som gjer det trygt og forutsigbart for barna. Organiseringa av dagen skal pregast av barna sitt behov for leik, kulturaktivitet og sosial læring. Barn er spontane vesen, så her er det rom for å endre planar etter ynskjer og impulsar den aktuelle dagen. Dei vaksne ved SFO vil gi tilsyn og omsorg slik at alle barn kjenner tryggleik og trivsel ved SFO.

Årsplana byggjer på Rammeplan for skulefritidsordninga som stiller forventning til innhald, organisering og verdiar på SFO. Ved oppstart av nytt SFO år og når nye barn startar på SFO blir det utsendt eit Velkomsthefte, som presenterer personalgruppa, kontaktinformasjon, forventningar, informasjon om dagsrytme, rutinar, planleggjingsdagar, måltid og ferietilbod. I tillegg har SFO eit Årshjul som seier noko om innhaldet gjennom sfo-året i grove trekk.



Velkomsthefte sfo
2023-24 pdf.pdf



ÅRSHJUL SFO
2023-2024.pdf

VERDIGRUNNLAGET TIL SKULEFRITIDSORDNINGA:

Ei inkluderande skulefritidsordning

SFO skal byggje praksisen sin på grunnleggjande verdiar som er felles i formålsparagrafane til barnehagen og opplæringa. Det handlar om barna sin eigenverdi gjennom leik og læring, og korleis vi skal skape ein trygg kvardag, og ivareta kvart enkelt barn sitt behov for omsorg og tilsyn, samtidig som det blir gitt tilbod om god og meiningsfylt leik og aktivitet. SFO skal møte behova som barna har for omsorg, tryggleik, trivsel, tilhøyrsla og anerkjenning.

Respekt for ulikskap og anerkjenning av mangfold skal leggjast til grunn for arbeidet i SFO, som handlar om å førebyggje utanforskaps ved å legge til rette for alle barn. Ved å ta utgangspunkt i skaparglede, engasjement og utforskarktronng skal SFO gje barna ei god ramme

for heilskapleg utvikling og læring. SFO skal oppmuntre barn til å reflektere og handle etisk og miljøbevisst, vise solidaritet og ta gjennomtenkte val.

Barna sine synspunkt skal vektleggjast i samsvar med deira alder og føresetnad. Vi skal ivareta barn sin rett til medverknad ved å legge til rette for- og oppmuntre til at barna kan få gi utsyn for sitt syn på SFO sin daglege verksemd. Vi lyttar til barna og deira behov, legg til rette for god kommunikasjon mellom barn, personale og foreldre. Vi legg opp til aktivitetar ut frå interesse, føresetnad og tilpassa nivå mellom dei ulike aldersgruppene.

Innhaldet i skulefritidsordninga

Leik

I Rammeplanen for SFO står det at Leiken skal ha stor plass i SFO, og barna skal ha tid og rom til leik kvar dag. *Alle barn skal få moglegheit til aktiv deltaking i leiken og å oppleve meistring. SFO skal leggje til rette for og støtte opp om at leiken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet. SFO skal leggje til rette for leik som engasjerar og inspirerer barna i aktivitet og til aktivitet, og som kan bidra til allsidig utvikling og læring.*

Dette gjer vi ved å leggje til rette for allsidig og god leik gjennom heile året. Dei vaksne er tett på for å fange opp det som skjer. Vi legg opp til mykje frileik innanfor gitte rammer, og kan ha ulike pedagogiske aktivitetar både inne og ute. Personalet er bevisst på barna sin leik, og lar barna forme leiken. Dei er aktive, tydelege og deltagande når det er behov. Vi ynskjer å bidra til gode barndomsopplevelingar for barna på SFO, ei sentral oppgåve for personale er derfor å støtte barna med å byggje gode relasjonar til kvarandre.

Leiken er sentral i SFO-tida. Den er viktig for utvikling av barna sin sosiale, emosjonelle og mentale kompetanse. Leiken har eigenverdi og er ein grunnleggande læringsform. Gjennom leik får barna moglegheit til å uttrykke seg, og omarbeide opplevelingar, kjensler og erfaringar. Den gir moglegheit til å utforske og utfordre, og til å oppleve meistring. Barn leikar på ulike måtar ut frå alder og utvikling, og barna skal få møte leikmiljø som er tilpassa behov, interesse, alder og føresetnad. Det er vår oppgåve å tilby eit rikt og variert leike- og læringsmiljø på SFO.

Kultur

I Rammeplan for SFO står det at *Kultur skal ha ein viktig plass i SFO. SFO skal leggje til rette for at barna får delta i ulike kunstnariske og kulturelle aktivitetar, slik som musikk, dans, drama og anna skapande verksemd. Gjennom kulturaktivitetar skal SFO gi støtte til at barna får skape sine eigne uttrykk og får kjennskap til ulike måtar å uttrykkje seg på.*

Dette gjer vi ved å legge til rette for formingsaktivitetar som barna kan delta i. Vi lar barna bli kjent med ulike materiale og dei får moglegheit til å uttrykke seg gjennom skapande aktivitetar. Har alltid tilgjengeleg teiknesaker, ark til å klippe og lime med, tråd til å lage ting med. Ellers legg vi opp til måle-aktivitetar, forming med plastalin og andre formbare materialar. Vi legg til rette for aktivitetar som byggjer på tradisjonar, samtidig som vi ivaretak dagens barnekultur.

Aktivitetar

I Rammeplan for SFO står det at *SFO skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet som kan fremme rørslegda og den motoriske utviklinga til barna. SFO skal legge til rette for at alle barn får delta i variert rørsleleik og fysisk aktivitet, og bidra til aktivitetslyst.*

Dette gjer vi ved å tilby mykje uteleik, der barna får medverke i eigen kvardag. Vi legg til rette for frileik og inn i mellom vaksenstyrt leik som barna kan velgje å delta i. For å fremje aktivitetslyst legg vi vekt på at barna får være med å bestemme kva dei ynskjer å delta på. Det er lagt opp til tett samarbeid med kulturskulen, slik at dei barna som har plassar der kan ha øvingar i sfo-tida. Det er samarbeid med diakon som har kor-øvingar i ei periode på hausten og på våren. Vi har også moglegheit til å ha aktivitetar i Oasen når denne er ledig.

Mat og måltidsglede

I Rammeplan står det at *SFO skal legge til rette for daglege måltid som gir barna grunnlag for å utvikle matglede, fellesskapskjensle og gode helsevanar. Barna skal få tilstrekkeleg tid og ro til å ete i løpet av tida dei er i SFO. Når mat blir servert i SFO, bør SFO legge vekt på eit helsefremjande kosthald og byggje på kostråd frå Helsedirektoratet, og dessutan legge vekt på berekraftige matvanar og forbruk. SFO bør følgje nasjonale føringar for måltid.*

Vår SFO serverar mat kvar dag. Måltidet er frå kl 13.40, og det blir sett av god tid til måltidet. Dette er eit populært og viktig tiltak som barna set stor pris på. Vi etterstrebar å følgje nasjonalfagleg retningslinje frå Helsedirektoratet for barn og måltid i skulen. Vi legg til rette for måltid som gir grunnlag for å utvikle matglede, fellesskapskjensle og gode helsevanar. Vi lagar til smøremåltid-buffé og kan servere noko alternativt innimellom. Vi vel sunne alternativ som grove kornprodukt og serverar frukt og grønt dagleg. Vi har fokus på hygiene, oppfordrar og rettleiar til gode matvanar.

Samarbeid i skulefritidsordninga

I Rammeplan for SFO står det at *Omsynet til barnas beste skal ligge til grunn når SFO samarbeider med foreldre, skole, barnehage og andre offentlege instansar. SFO skal legge til rette for god dialog mellom føresette og personale. SFO skal gi føresette informasjon om tilbodet, avklare gjensidige forventningar og legge til rette for at føresette kan bidra i arbeidet med å vidareutvikle kvaliteten. SFO skal samarbeide med heimen og skulen for å legge til rette for at dei daglege overgangane mellom dei ulike arenaene blir gode. SFO bør samarbeide med skolen for å skape ein best mogleg heilskap i kvardagen for barna.*

Alle barn skal oppleve seg sjølv som ein verdifull bidragsytar i eit trygt og godt fellesskap. Eit godt foreldresamarbeid er avgjerande for barna sin trivsel og vekst. Personale ved Tomrefjord SFO set foreldresamarbeid høgt og ønskjer at samarbeidet med heimen skal ha preg av openheit og tillit, slik det kjem barna til gode. Dette skal skje gjennom den daglege kontakta i hente- og bringesituasjonen, informasjonsutveksling, tilbakemeldingar, e-post, telefonsamtalar og gjennom foreldremøte. Det er velt ein føreset som er foreldrekontakt for sfo. Denne foreldrekontakte skal vere representert i samarbeidsutvalet i skulen (SU) når det er saker som angår SFO. SU er eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ med

representantar frå foreldre, elevar, undervisningspersonale, andre tilsette, rektor og ein politisk representant.

Overgang barnehage - skule

I Rammeplan for SFO står det at *SFO skal bidra til å skape ein god og trygg overgang frå barnehage til skole og SFO saman med skolen og barnehagen, jf. opplæringslova § 13-5 og barnehagelova § 2a.*

Det er utarbeida ein eigen lokal plan for overgang mellom barnehage og skule/SFO, som ivaretok dette område. For SFO inneber det at SFO-leiar deltek på foreldremøte til nye 1.klassingar, og overføringsmøte med barnehagane. Det blir lagt opp til at førekulegruppene ved Gardstunet barnehage og Tomrefjord barnehage kan besøke SFO i feriar (t.d haustferien/vinterferien) Og det blir lagt opp til besøksdag for nye 1.klassingar på SFO før sommarferien.

Kvalitetsutvikling

I Rammeplan for SFO står det at *SFO skal planleggje innhald og arbeidsmåtar, og arbeidet skal evaluerast jamleg. Planlegginga skal ta utgangspunkt i lokale forhold og bidra til å realisere rammeplanen for SFO. Kvar enkelt SFO skal utarbeide ein årspann eller ein tilsvarende plan som skal vise korleis SFO omset verdigrunnlaget og innhaldet i rammeplanen til praksis.*

Årsplanen for SFO skal vere eit arbeidsreiskap for personale, skal gi informasjon til føresette og andre samarbeidspartnerar. Den dokumenterer val for innhald og grunngjevingar for arbeidsmåtar. I tillegg har vi eit årshjul med ulike tema knytt til årstidene, der det er rom for å tilpasse aktivitetar gjennom året.

Kontakt:

Telefonnummer:

Tlf.direkte til SFO leiar Linda Tomren: 90 86 57 05

Tlf sfo-avdeling: 95 89 71 04 (denne er i bruk når sfo er åpen)

Tlf. rektor Ronny Engan: 95 10 21 15

E-post:

SFO leiar: linda.tomren@vestnes.kommune.no

Rektor: ronny.engan@vestnes.kommune.no